

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2016-0120	<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskott til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
<b>Prosjektnavn</b>	Tilskott til etablering av Économusée i Sogn og Fj			

### Kort beskrivelse

Prosjektet vil etablere eit nytt Economusee i Balestrand i 2016 samt styrkje infrastrukturen kring utvalde handverksbedrifter m.o.t. til kommersiell kompetanse, rekruttering, innovasjon, nettverk og utvikling av fullstendige verdikjeder i samarbeid med Innovasjon Norge, NCE reiseliv og internasjonale partnerar og bedrifter. Det vert utvikla ei rekke nye tenester som silver service, ungdomsutplasseringer, blå økonomi og lokalsamfunnsutvikling for nettverksbedriftene innafør ramma av EU prosjektet

### Prosjektbeskrivelse

Craft Reach prosjektet har som mål å utvikle Ciderhuset som eit nytt Economusee i Sogn og Fjordane i 2016, og vil dermed støtte oppunder Sogn og Fjordane si satsing på nærings- og samfunnsutvikling i denne regionen, utvikling av Ciderhuset gjennom auka innovasjon, realisering av potensiale for lønsemd og betre konkurransekraft for både deltakerbedrifta og relaterte næringar som t.d. reiselivsbransjen. Prosjektet vil også støtte oppunder målsetjinga å skape fleire innovative næringsmiljø gjennom utvikling av ei klynge av Economusee-bedrifter på Vestlandet med Ciderhuset som deltakerbedrift. Klynga har stort vekstpotensiale som gir grunnlag for sikring av arbeidsplassar i dei eksisterande verksemdene på Vestlandet.

Norges Vel er Lead Partner for EU-Interreg prosjektet «Craft Reach» i 2015-2018 i tråd med inngått samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune. Prosjektet byggjer på dei tidlegare EU - ENE og Craft International prosjekta i regi av Hordaland fylkeskommune og mangeårige røynsler frå Canada. Craft Reach er eit samarbeidsprosjekt med regionar i Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Canada. Partnerar saman med Norges Vel er Hordaland fylkeskommune, Teagasc, Irland, Causeway Coast and Glens Heritage Trust, Nord-Irland, Economusee Network Society, Canada, Social Research Centre, Universitetet på Færøyene, Matis, Island, og Sermersooq kommune, Nuuk, Grønland og Region Jämtland, Sverige.

Det er blitt etablert 10 Economusee i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane og tilsaman 32 i den nordatlantiske samarbeidsregionen sidan 2008. Det er i det nye EU prosjektet målsett etablering av ytterlegare 22 Economusee i løpet av år 2017, derav 5 på Vestlandet. Ciderhuset i Balestrand er det tredje nye Economusee på Vestlandet som det no vert søkt om transformasjonsstøtte til. Economusee er allereie blitt ei kultur næringsklynge på Vestlandet med stort vekstpotensiale.

Craft Reach prosjektet vil etablere dei nye Economusea og styrkje infrastrukturen rundt handverkstradisjonane våre, både med omsyn til kommersiell kompetanse, rekruttering, nettverk og utvikling av fullstendige verdikjeder. Kvart einaste ÉCONOMUSÉE er nøye tilrettelagt etter ein 6 trinns modell for å gjere besøka til ei minnerik oppleving. Det vert tilsett eit fagleg prosjektteam ved Norges Vel for å gjennomføre transformasjonsarbeidet.

Prosjektet har og etablert eit samarbeid med NCE Tourism. Economusea er blitt ein viktig del av det

heilscapelege reiselivsproduktet på Vestlandet, særleg innafor satsinga på natur- og kulturlandskap, der attraksjoner vert ein viktig del av sjølve kjerna i opplevingstilbodet i Sogn og Fjordane. Eit Economuseum er ikkje eit museum i vanleg forstand, men ei levande handverksverksemd der ein i tillegg til produksjon av tradisjonelle og nyskapande handverksprodukt legg til rette for ei reiselivsoppleving ved at handverkstradisjonane og den historiske samanhengen vert synleggjort og opna opp for besøkande. Ei Economusee-verksemd får ein ekstra arena for omsetjing av sine produkt direkte til kjøpar gjennom transformasjon av lokala og ved utvikling av nye formidlingsverktøy og kompetanse. Eit Economusee får såleis eit meir solid økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen og den immaterielle kulturarven. Røynslar tilseier auka omsetnad, fleire tilsette, fleire besøkande og ein fornya status både i lokalsamfunna og personleg for handverkarane. Craft Reach prosjektet skal dessutan over ei 3-års periode utvikle nye tenester og støtte oppunder håndverksbedrifter slik at dei kan få auka sin omsetnad, status, bevaring av kulturarven og skapt nye arbeidsplasser i NPA regionen.

Handverkarar/Economusee skal og få ei ny rolle som lokalsamfunns-utviklarar. Kreative ungdommar, skapande samarbeidspartnarar som til dømes lokale kunstnarar, og "Silver service" (som inneberer involvering av pensjonistar og eldre kunnskapsbærarar) tek del i utviklinga av nye Economusee. Budsjettet for NPA prosjektet er på EUR 1.675.150 (sjå vedlegg). Alle partnerane må skaffe seg nasjonale og regionale midler i tillegg til medfinansieringa frå EU. Norge sine totale kostnader er på 394 348 EUR, og Interreg skal bidra med inntil 197.174 EUR.

Norges Vel må difor hente inn naudsynt medfinansiering frå både offentlege og private organisasjonar til gjennomføringa av aktivitetane i prosjektet. Det vart sendt ut invitasjonskriv til fylkeskommunane på Vestlandet om støtte og samarbeid omkring prosjektet i 2015. Ein indikerte her trong for kr. 250 000 i tilskott for utvikling og transformasjon av ei bedrift til å verte eit godkjent Economusee i eit fylke.

Det omsøkte prosjekttiltaket tek sikte på å utvikle Ciderhuset til å verte det andre Economuseet i Sogn og Fjordane etter Aurlandskoen. Midlane frå fylket vert brukt til transformasjonsarbeid samt utvikling av nye tenester knytt til innovasjon og nyskaping, nettverk/klyngeutvikling av Economusee på Vestlandet, samt lokalsamfunnsutvikling i Balestrand.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Det Kongelige Selskap For Norges Vel Org.nr:965208739	Tollbodallmenningen 1 B 5004 BERGEN	91553501
<b>Kontakt-person</b>	Asbjørn Stavland	Tollbodallmenningen 1 B 5004 BERGEN	95146623
<b>Prosjekt-leder</b>	Asbjørn Stavland	Tollbodallmenningen 1 B 5004 BERGEN	95146623

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

1. EU tilsegn på inntil 197.174 EUR er gitt til Norges Vel for Craft Reach prosjektet frå NPA programmet
2. Det vert søkt om kr. 250 000 frå alle fylkeskommunar for kvart Economusee som dei får etablert i sitt geografiske område, og vertskommunane vert søkt om tilskot på kr. 100 000. Ciderhuset

vert det tredje Economusee i Craft Reach prosjektet. Etter samtalar og råd frå Ingeborg Erikstad og Ingeborg Lysne Mcevoy i fylkeskommunen, vert det med dette søkt fylkeskommunen om totalt kr. 350 000 i tilskott til etablering av Ciderhuset som Economusée i Balestrand kommune. Fylkeskommunen vil eventuelt foreta ei intern fordeling mellom andre ordningar eller program i fylkeskommunen.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Norges Vel er Lead Partner for det nye EU-Interreg prosjektet «Craft Reach» 2015-2018 som starta opp 13. april i år. Prosjektet byggjer på Craft International, som er eit samarbeidsprosjekt med regioner i Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Canada.

Norges Vel har eit nasjonalt fokus og ønskjer å utvikle nye bærekraftige Economusee verksemder i kystfylka våre, frå Rogaland til Nordland. Dei bedriftene som blir med, vil få ein ekstra arena for omsetnad av sine produkt direkte til kjøpar, og eit økt økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen. Eit Economusee får erfaringsmessig auka besøk og auka verdiskaping med fleire nye arbeidsplassar. Den nasjonale satsinga på reiselivet i Fjord-Norge, NCE-Norwegian Centre of Expertise har bl. a. godkjent Economusea som eit opplevingsnettverk og kulturformidlingstiltak for reiselivet på Vestlandet. Etableringa av ei Economusee verksemd har utgangspunkt i utvelginga av relevante bedrifter som tilfredsstillar dei internasjonale kriteriane og som har eigne motiv for å kunne bli omforma til eit attraktivt opplevingssenter.

Prosjektet innebær ein stor innsats fra eit bredt samansatt prosjektteam sett saman av erfarne medarbeidarar innanfor arkitektur, design, historie, bedriftsøkonomi samt internasjonale ekspertar. Deltaking i Craft Reach prosjektet vil krevje god forankring i lokalsamfunnet og økonomisk medverknad frå vertskommunen og fylkeskommunen til gjennomføring og etablering av Economusée.

Prosjektet leverer til bedriftene faglige råd og ein heilskapleg 6-trinns utstillingsmodell for besøkande, frå resepsjon, verkstad, formidlingsdel, innovasjon og nyskappingsrom, til dokumentasjon/bibliotek og butikk. Prosjektet blir gjennomført i tråd med dei ordinære krava til statsstøtte, innkjøp og EU sine krav til prosjekt og revisjonar. Eventuelle bygningsmessige krav og andre investeringer er bedriftane sitt eige ansvar.

Denne søknaden omfatter Ciderhuset i Balestrand sin transformasjon.

### **Prosjekt mål**

Craft Reach skal over ein 3 års periode utvikla 22 nye Economusee/ visningsenter i Nord-Europa, av desse fem i Norge. Det eksisterande Economusee bedriftsnettverket skal også vidareutviklast framover, og Ciderhuset vert ein del av dette nettverket.

Prosjektet vil etablere eit nytt Economusee og styrkje infrastrukturen rundt håndverkstradisjonane til bedriften, både med omsyn til kommersiell kompetanse, rekruttering, nettverk og utvikling av fullstendig verdikjede.

Ei Economusee verksemd får ein ekstra arena for omsetjing av sine produkt direkte til kjøpar gjennom transformasjon av lokala og ved utvikling av nye formidlingsverky og kompetanse. Verksemda blir også ein ny reiselivsattraksjon innanfor satsinga til NCE reiseliv på Vestlandet. Eit Economusee får såleis eit meir solid økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen, den immaterielle kulturarven og formidling av kunnskap og opplevingar.

Craft Reach prosjektet skal over ei 3-års periode utvikle nye tenester og støtte oppunder håndverksbedrifter slik at dei kan få auka sin omsetnad, status, bevaring av kulturarven og skape nye arbeidsplasser i NPA regionen. I Noreg vil vi etablere 5 nye Economusee i prosjektperioden, der Ciderhuset vert det tredje.

Handverkarar/Economusee skal og få ei ny rolle som lokalsamfunnsutviklarar, der kreative ungdommar, skapande samarbeidspartnarar, og Silver service innebærer involvering av pensjonistar og eldre kunnskapsbærarar i utviklinga av nye Economusee. Utvikling av dei nye tenestene vert og ein integrert del av prosjektmålet.

### **Forankring**

Prosjektet samsvarer godt med fylket sine visjoner og mål, særleg knytt til meir entreprenørskap og innovasjon. Prosjektet vert og knytta opp mot Balestrand kommune sine planar.

Det kgl. selskap for Norges Vel sendte ut skriv 4.mai 2015 til 7 kystfylke og meir enn 200 kommunar, der selskapet inviterte kommunane til samarbeid, delfinansiering, og til å komme med forslag på aktuelle verksemder til å delta i EUs NPA Interreg prosjektet Craft Reach 2015-2018.

Ciderhuset er no valt ut og vert den tredje Economusee-verksemda på Vestlandet.

Craft Reach vert utvikla ved vestlandskontoret til Norges Vel på bakgrunn av samarbeidsavtale med Hordaland fylkeskommune om utlån av prosjektleiar på 50% basis. og der Næringssjefen vert med i den regionale styringsgruppa for prosjektet.

Craft Reach er og på linje med dei fleste kommunale Næringsplaner i dei aktuelle vertskommunane. Balestrand kommune er omsøkt om samarbeid og kommunalt tilskott til transformasjonsarbeidet og utviklinga av Ciderhuset som nytt Economusee og deltaking i klyngeprosjektet på Vestlandet.

Forankringa av prosjektet er difor god og relevant for gjennomføringa av næringsplanarbeidet både i fylkeskommune og kommune. Målsetjing om auka besøk og verdiskaping vil kunne målast og samsvare med dei planlagte resultatindikatorane som vert tenkt brukt for fylket.

### **Prosjektorganisering**

EU prosjektet er knytt til Norges Vel sitt Vestlandskontor i Bergen, som og er Lead partner for EU prosjektet.

Tidlegare prosjektleiar frå Hordaland fylkeskommune vert lånt ut på 50% basis til Norges Vel for heile prosjektperioden. Norges Vel nyttar og sin medarbeider på Vestlandskontoret som delprosjektleiar i EU prosjektet.

Faghjelp frå designer og etnolog vert løyst gjennom tilsetjing på engasjement/kjøp av tenester for transformasjonsarbeidet. Arkitekt hjelp vert leigd inn etter behov.

Utviklingsarbeidet vert styrt internasjonalt av representantar frå alle samarbeidsorganisasjonane frå dei 8 deltakarlanda i NPA regionen.

Utviklingsarbeidet på Vestlandet vert styrt av ei styringsgruppe leia av utviklingsjef Kari Clausen frå Norges Vel, næringsjef Mette Nora Sætre frå Hordaland fylkeskommune, Silje Svinsaas Holilokk frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Gro Uglens frå Syse Gard Economusee.

### **Samarbeidspartnere**

Hovudsamarbeidspartnarar i EU prosjektet internasjonalt vert dei ulike organisasjonane som er partnerar i EU prosjektet, dvs. Norges Vel med Hordaland fylkeskommune som subpartner, Teagasc frå Irland, Causeway Coast and Glens Heritage Trust frå Nord-Irland, Economusee Network Society frå Canada, Social Research Centre v/ universitet frå Færøyane, Matis frå Island, Sermersooq kommune, Nuuk, Grønland og Region Jämtland, Sverige.

Regionalt vert den aktuelle bedriftskandidaten, vertskommunen og fylkeskommunen hovudsamarbeidspartner med Norges Vel si prosjektleiing ved Vestlands-kontoret, for kvar einiskild Economusee transformasjon og klyngeutvikling.

NCE Tourism og Innovasjon Norge vert og viktige samarbeidsorganisasjoner for utviklingsarbeidet lokalt.

### **Aktiviteter**

Prosjektet vil gjera bruk av Economusee konseptet for nye deltakarbedrifter. Prosjektet vil initiere lokale utviklingsprosessar for involvering og støtte til handverkarane frå lokalsamfunnet via konkrete arbeidspakker. Val av handverkarar vert ein transparent prosess med hjelp av innspel frå interesserte vertskommunar og fylkeskommunar. Det vert gjennomført ein 1/2 årig transformasjonsprosess av utvalde bedrifter til Economusee, og deltaking i nye utviklings- og nettverkstiltak for verksemda.

### **Målgrupper**

Utveljingskriteriar for nye Economusee følgjer ein prosess godkjend av det internasjonale partnerskapet i Craft Reach prosjektet. Dei nye handverks-bedriftene som vert med i ÉCONOMUSÉE nettverket, må kvalifiserast med omsyn til ei rekkje strenge kriterium. Dei må ha bygg som ligg nær ei turisløype og bygningar som kan tilpassas 6-trinnsmodellen som følgjer Economusee konseptet. Dei må vere nyskaparar innan sitt fagområde og finne nye måtar for å bringe tradisjonell kunnskap til live. Dei må vere open for forretningsdrift og vere entusiastiske til å få besøkande til bedriften i minst 4 månader per år. Dei må vere lønsame og berekraftige verksemdar, som handverksmessig framstiller gode kvalitetsprodukt dag etter dag, og år etter år.

ÉCONOMUSÉE-handverkarane er ofte kjende for sine kvalitetsprodukt og for å vinne prisar innan sitt fag, og dei vert høgt verdsette også for sin medverknad til verdiskaping i reiselivsnæringa.

Det eksisterande Economusee bedriftsnettverket vert og ei målgruppe for prosjektet. Dei skal vidareutviklast, delta i tenesteutviklinga og marknadsførast som ei heilskapeleg nettverksklynge der dei nye Economusee/visningsentra skal integrerast Economusee nettverket/klynnga for Vestlandet.

Dessutan skal ein i prosjektet prøve å finne moglege løysingar for framtidig internasjonalt

Economusee samarbeide og nettverksorganisering for bedriftene i Nord-Atlanterhavsregionen.

### **Resultat**

Craft Reach skal over ein 3 års periode utvikla 22 nye Economusee/ visningsentre i Nord-Europa, og av desse vert det fem nye i Norge. Det eksisterande Economusee bedriftsnettverket skal vidareutviklast og marknadsførast, og dei nye Economusee/visningsentra skal integrerast i nettverket.

Dessutan skal ein i partnerskapen prøve å finne moglege løysingar for framtidig internasjonalt Economusee samarbeide og nettverksorganisering i Nord-Atlanterhavsregionen.

Dei handverksverksemdene som vert med skal få ein ekstra arena for omsetnad av sine produkt direkte til kjøpar, og eit økt økonomisk grunnlag for vidareføring av handverkskunnskapen. Eit Economusee får erfaringsmessig som konkret resultat både auka besøk, verdiskaping samt fleire nye arbeidsplassar.

Den nasjonale satsinga på reiselivet i Fjord-Norge, NCE-Norwegian Centre of Expertice har bl. a. godkjent Economuseene som eit opplevingsnettverk og kulturformidlingstiltak for reiselivet på Vestlandet. Economusee klynge-utviklinga vil difor verte ei ny oppleving- og reiselivsinfrastruktur på Vestlandet.

### **Effekter**

Effekt mål vil verte eit nytt Economusee i Sogn og Fjordane, med eit utbedra verdiskapingsgrunnlag, eit nytt attraksjonstilbod for kultur og reiselivsopplevingar og som eit tiltak for bevaring av fruktdyrking, foredling av frukt og bær til cider og fruktbrennevin og kulturarven elles knytt til fruktdyrking i fylket.

Ciderhuset som nytt Economusee vil styrke innovasjonskrafta, kompetansen, berekrafta og klyngeutviklinga i nettverket på Vestlandet og internasjonalt.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Oppstart og identifisering kandidatverksemdar	2015	11	2016	1
Mulighetsstudier	2016	1	2016	5
Bedriftsøkonomisk vurdering	2016	5	2016	6
Bruk av arkitekt, historikar/etnolog,	2015	4	2016	7
Design og utforming	2016	2	2016	8
Etablering og opning av Economusee	2016	4	2016	9
Investeringar i regi av bedrift	2016	2	2016	8
Klyngeutvikling	2016	1	2018	4

### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Administrasjonutgifter/revisjon	100 000					100 000
Andre utgifter	350 000					350 000
Honorar/lønn andre tekniske fagfolk	125 000					125 000
Honorar/lønn kunstnarar/design/fagfolk	425 000					425 000
Produksjonskostnader/materialer/PR/markedsføring	100 000					100 000
Reise/diett/opphold/møtekostnader	100 000					100 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>1 200 000</b>					<b>1 200 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Egeninnsats Ciderhuset	350 000					350 000
Eigeninnstast Norges Vel	250 000					250 000
EU tilskott Craft Reach	250 000					250 000
Tilskott til nærings- og samfunnsutvikling 2016	350 000					350 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 200 000</b>					<b>1 200 000</b>

## Geografi

1418-Balestrand

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
GoL_Craft%20Reach_304-9211-2014%20(002).pdf	6 459 034	14.04.2016
Romplan 5.jpg	96 627	14.04.2016
Romplan 2.jpg	149 863	14.04.2016
Romplan 4.jpg	87 930	14.04.2016
Søknad frå Ciderhuset om å bli Æconomusèe.pdf	6 513 107	14.04.2016
Timeplan Ciderhuset.pdf	36 629	14.04.2016